



Herdal Gard Grunneigarlag v/ Stein Døving

6214 NORDDAL

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgje ved svar):
2009/3790 ARE-NP-MD

Arkivkode:
423.5/15

Dato:
14.10.2009

Avslag på søknad om oppføring av gjetarbu i Nørdre Herdalen i Geiranger- Herdalen landskapsvernområde - Klagehandsaming

Det synes til klage datert 14. april 2009 frå Herdal Gard Grunneigarlag på Møre og Romsdal fylke sitt avslag på søknad om oppføring av gjetarbu i Nørdre Herdalen i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Det vises også til Møre og Romsdal fylke si oversending av klaga datert 24. juli 2007.

Bakgrunn for saka:

Den 23. februar 2009 søkte Herdal Gard Grunneigarlag om løyve til oppføring av gjetarbu i Nørdre-Herdalen. Bua var tenkt plassert lite synleg i terrenget i lia over Andrevatnet, planlagt areal var på 4 x 5,5 m og byggematerialet er tenkt lafta plank. Ei tilsynsbu vil vere nyttig i samband med beiting i Nøre-Herdalen og området rundt. Det er først og framst kje som nyttar området til beiting, men også geit og sau. Grunneigarlaget organiserer også småviltjakt og fiske og området er såleis opna for ålmenta. Likeins har laget vere med og tilrettelagt for friluftsliv. Ei lita bu i Nørdre-Herdalen vil vere nyttig i samband med desse aktivitetane, bua vil kunne nyttas i naudsituasjonar. Grunneigarlaget har vert positive til vernet og er opptekne av at nye tiltak ikkje skal skade natur- og kulturlandskapet. Dette vil også vere ei målsetting ved bygging og bruk av ei gjetarbu i Nørdre-Herdalen.

Møre og Romsdal fylke handsama søknaden den 25. mars 2009. Søknaden om dispensasjon blei avslått, då fylket meinte at behovet for gjetarbua i landbrukssamanheng var for liten. Bua vil bli liggande i forholdsvis kort avstand frå køyrbar veg, både frå Herdalen og Tafjord/Kaldhussæter. Heller ikkje omsynet til tryggleiken blei tillagt stor vekt. Det er kort veg ned og terrenget vil styre ferdsla.

Dette vedtaket blei påklaga av Herdal Gard Grunneigarlag i brev datert 14. april 2009. I klaga visas det til at utfordringa med tilsyn og sanking særleg av kje/unggeit er store og dei ekstra 4-500 høgdemetrane frå setra og opp i Nørdre Herdalen gjer ikkje jobben lettare. Dei lange tradisjonane med beiting i området bør oppretthaldast av omsyn til kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingane. Det synes også til at bua vil ha positiv verknad for ålmenta og at bua vil vere et samarbeidsprosjekt mellom alle grunneigarane i Herdalen. Ei lita gjetarbu vil ikkje redusera natur – og landskapskvalitetane og vil heller ikkje skape noko form for presedens, men heller styrke dei positive haldningane til vern.

Møre og Romsdal fylke handsama klagen i brev datert 24. juli 2009. Sjølv om fylke ser at grunneigarlaget kan ha hatt nytte av ei gjetarbu i Nedre Herdalen, er fylke ikkje nøgde med den føreslegne plasseringa, den dekker ikkje store nok beiteareal. Dessutan vil det berre vere grunnlag for ei bu når det er uforholdsmessig lang veg til overnatting eller veg. Møre og Romsdal fylke oversendte difor saka til direktoratet for klagehandsaming.

Direktoratet si vurdering

Klageinstansen kan etter forvaltningslova § 34 prøve alle sider av ei sak ved klagehandsaming. Det kan takast omsyn til nye omstende i saka. Klageinstansen kan vidare sjølv treffe vedtak i saka eller oppheve vedtak og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

Nedre Herdal ligg i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Området blei verna ved kgl.res i 2004. Føremålet med vernet er å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med rikt og variert plante- og dyreliv. Det er også eit føremål å ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin art.

I utgangspunktet er det forbod mot oppføring av bygningar i landskapsvernområdet, jf verneforskrifta § 3 pkt 1.1. Forvaltningsstyremakta kan likevel etter søknad gje løyve til oppføring av driftsbygningar for landbruksverksemd, jf verneforskrifta § 3 pkt 1.3 bokstav c). Forvaltningsplanen syner på side 30 at driftsbygningar i landbruket skal tolkast i samsvar med rettleiarne "Plan og kart etter plan- og bygningsloven" og "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss". Landbruksverksemd omfattar ikkje jakt, fiske, bærplukking og andre sysler som har karakter av friluftaktivitet. Utleigehytter, naust, rorbuer, jakt- og fiskebuer der bruken i det vesentlege blir nytta til utleie, vert ikkje rekna som landbruksbygningar.

Verneforskrifta gir altså heimel til å kunne tillate oppføring av gjeterbuer, men forvaltningsstyresmakta avgjer i kva for konkrete tilfelle dispensasjon skal gis. Det vil være eit vilkår at bygget er naudsynt av omsyn til landbruksdrifta og at den i hovudsak skal nyttas til det som i følgje retningslinene er å anse som landbruksverksemd.

Ønske om ei gjeterbu ved Andrevatnet vert grunngitt med at kje og unggeiter ofte trekker innover Nørdre Herdal og området kring og det kan ta ganske lang tid å finne dyra attende. Stien opp frå Herdalsetra har ei stigning på 4-500 meter og det tek om lag ein og ein halv time å gå. Ei gjetarbu vil lette arbeidet med tilsyn og beiting. Beiting med sau vil også bli meir aktuelt. Ei bu på den omsøkte plassen vil også være positivt for ålmenta.

I følgje fylkesmannen er det ikkje naudsynt eller naturleg med ei gjetarbu på den omsøkte plassen. Kje og geiter kan spreie seg til større område og Nørdre Herdalen er ikkje noko naturleg avgrensa beiteareal. Staden ligg også i nokså kort avstand frå veg, både frå Herdalen og Tafjord/Kaldhussæter.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette for at kulturlandskapet i området skal kunne haldast i hevd. Dispensasjonar frå verneforskrifta vil kunne vere aktuelle for tiltak som eignar seg til dette føremålet. Direktoratet er likevel samde med Møre og Romsdal fylke i at tiltaket må være naudsynt for landbruksdrifta. I føreliggjande sak er det relativt kort avstand frå staden der bua skal plasserast til bilveg. Avstanden til Tafjord/Kaldhussæter er heller ikkje lang. Plasseringa av bua er ikkje på ein stad med naturleg avgrensa beiteområde kring seg. Direktoratet er av den grunn i tvil om det er naudsynt med ei gjetarbu på denne staden. Når det gjeld bua sin funksjon for friluftslivet og ålmenta blei ønskje

om og behovet for ei bu i dette området vurdert i verneprosessen. Det blei ikkje teke omsyn til desse innspela. Omsynet til ålmenta vil difor ikkje veie tungt ved avgjering om dispensasjon skal gjevast.

Staden bua er tenkt plassert ved, Andrevatnet i Nørdre Herdalen, ligg i landskapsvernområdet sin vernesone jf forvaltningsplanen side 23 og vedlegg 4.3. I vernesona skal naturvernomsyn vere overordna andre interesser og naturen sine prosesser skal gå mest mogleg upåverka. I vernesona er det ønskjeleg å halde områda utan inngrep. Det skal ikkje vere kurrant å få oppført bygningar i dette området.

På telefon den 9. september 2009 viser Herdal Gard Grunneigarlag til at Møre og Romsdal fylke sommaren 2009 har gjeve løyve til oppføring av nytt uthus på maksimalt 7 m² til hytte i Osen ved Herdalsvatnet. Uthuset skulle erstatte eit gammalt uthus som måtte rivast i 2008. Direktoratet legg til grunn at grunneigarlaget meiner dette er usakeleg forskjellhandsaming frå fylket si side. Direktoratet kjenner ikkje detaljane i "uthussaka", men i følge fylket sitt dispensasjonsvedtak ble det gjeve løyve til oppføring av ei betydeleg mindre bu enn den omsøkte. Uthuset skal oppførast i verneområdet si brukssone. Då tiltaket si plassering, størrelse, føremål og heimel for dispensasjon er en annan i "uthussaka" enn i omsøkte tilfelle, er det etter direktoratet si meining ikkje naturleg å vurdere dei to tilfella likt. Det er difor etter vår vurdering ikkje grunnlag for å hevde at Herdal Gard Grunneigarlag har vært utsett for myndemisbruk i form av usakeleg forskjellhandsaming.

Sidan bua skal plasserast i vernesona og direktoratet finn det tvilsamt kor naudsynt gjeterbua er av omsyn til landbruskdrifta, finn direktoratet ikkje grunnlag for å gjere om fylket sitt vedtak i denne sak.

Vedtak:

Møre og Romsdal fylke sitt vedtak datert 25.03.2009 vert stadfesta.

Klagen har ikkje ført fram. Direktoratet sitt vedtak kan ikkje påklagast vidare etter forvaltningslova.

Med helsing

Berit Lein
Direktør for Arealforvaltningsavdelinga

Olav Nord-Varhaug

Kopi til:

Møre og Romsdal Fylke	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Norddal kommune	Rådhuset	6210	VALLDAL